

Etisk standard for tilsette og folkevalde

1. Føremål

Vinje kommune skal ha ein høg etisk standard. Openheit og ærlegdom skal prege vår verksemd og vere grunnlaget for tillit mellom kollegaer og i tilhøvet til innbyggjarane.

Etisk standard skal bidra til etisk forsvarleg og god åtferd, og må sjåast i samanheng med kommunens visjon *Vinje utfordrar framtida* er til stades, vil gå føre, skapar framtida.

2. Etikk i det daglege

Høg etisk standard krev ein kontinuerleg prosess der open kommunikasjon og refleksjon rundt etiske problemstillingar og dilemma blir ivaretatt på arbeidsplassane i organisasjonen. Slike prosessar er viktige for å styrke og utvikle den etiske standarden som skal kjenneteikne Vinje kommune.

3. Samfunnsansvar og likeverd

Vinje kommune forvaltar fellesskapets ressursar både som samfunnsutviklar, tenesteytar og arbeidsgjevar. I vårt tilhøve til innbyggjarane og til den enkelte brukar skal me vere kjent for profesjonalitet og omtanke. Me skal lytte til innbyggjarane sine behov og sikre likehandsaming.

Kommunen skal vere prega av respekt for ulikskap, slik at mangfald og inkludering viser att i heile kommunen. Me skal forhalde oss på ein måte som ikkje krenker menneskeverdet eller menneskerettar.

4. Habilitet

Me skal unngå å kome i situasjonar som kan medføre konflikt mellom kommunen sine interesser og private interesser. Dersom me kjem i ein slik situasjon, skal tilhøvet takast opp med nærmeste leiar.

Leiar skal vere orientert om bierverv og verv i organisasjonar som kan medføre inhabilitet eller brot på lojalitetsplikta. Opplysningar om styreverv/økonomiske interesser bør registrerast i Styrevervregisteret.

5. Opplysningar/informasjon

Fortrulege opplysningar som blir motteke i samband med arbeidet i kommunen skal ikkje meddelast til andre som ikkje har behov for eller krav på disse opplysningane.

All informasjon som blir gjeve skal vere korrekt og tydeleg.

Offentlegheit og ytringsfridom er viktige prinsipp for å sikre innsyn og kontroll med kommunen sin verksemd. Me skal vurdere meiroffentlegheit i alle saker.

6. Personlege fordelar

Gåver

Gåver, uansett storleik, kan medvite eller umedvite skape ei form for lojalitet. Me skal unngå personlege fordelar som kan påverke saksførebuing, vedtak eller utøving av tenester, eller kan føre til at nokon oppfattar det slik. Dette gjeld alle typar fordelar som gåver, personlege rabattar, reiser og liknande. Leiar skal orienterast om mottatt gave. Dersom gåva ikkje er i tråd med vår etiske standard, skal den tilbakeleverast.

Reiser og opphold

Tilsette sine reise- og opphaldsutgifter skal dekkast av kommunen, KS, annan offentleg verksemd, eigen fagforeining e.l. Unntak kan avgjerast av nærmeste leiar.

Folkevalde skal orientere ordførar eller partileiar i forkant om reiser som blir dekt av andre enn kommunen, KS, annen offentleg verksemd, eige politisk parti e.l. Unntatt frå dette er kostnadsdekking i samband med oppdrag som naturleg følgjer av vervet.

Representasjon

Moderate former for gjestfridom og representasjon hører med i samarbeidstilhøve. Dette må ikkje utviklast slik at det påverkar avgjerdsprosessen, eller kan føre til at noen oppfattar det slik. Leiar skal vere orientert om representasjon og tilbod om det.

Kommunens ressursar

Me skal ikkje bruke kommunens eigendelar privat eller tileigne oss personlege fordelar av kommunens ressursar.

Rabattavtaler

Me skal ikkje nytte vår marknadsposisjon til å inngå rabattavtaler for tilsette og folkevalde. Dette gjeld ikkje tilbod knytt til kommunens velferdsordningar.

Ved tvil

Dersom det er tvil om eit tilhøve er innanfor kommunens etiske standard, ta kontakt med nærmeste leiar.

7. Forretningsdrift

Føreseielegheit, etterprøvbarheit og likehandsaming skal ligge til grunn for vår forretningsdrift.

8. Reklame, referansar og gåver til kommunen

Verken kommunen som organisasjon, folkevalde eller tilsette skal delta i reklame for leverandører som har levert produkt eller tenester til kommunen.

Me kan opptre som referansar for ein leverandør sine kundar når dette kan skje utan at det påverkar leverandøren sin pris overfor Vinje kommune.

Mottak av gåver til kommunen eller ei verksemrd kan berre skje dersom det ikkje påverkar saksførebuing, vedtak eller utøving av tenester.

9. Openheit og romslegheit

Vinje kommune skal vere ein open og romsleg organisasjon, med god intern kommunikasjon og høve til å ta opp kritikkverdige tilhøve. Dersom det blir gjort feil, skal me følgje dette opp på ein eigna måte og samstundes sjå på det som eit høve for forbetring.

10. Varsling av kritikkverdige tilhøve

Kritikkverdige tilhøve skal avdekkast og følgjast opp. Tilsette har rett og plikt til å bidra til å førebyggje og varsle om kritikkverdige tilhøve i kommunen. Ein viser til eigne retningsliner og rutinar for varsling og trakassering.